

## Verdig avslutning i Ulvik kyrkje

Hordaland 11. sep 358 ord

Forfatter: > Terje Hjartnes

side 16

### > KONSERTMELDING

#### Den siste programposten til Ulvik poesifestival vart ei mektig oppleving.

- Ein festival skal ha eit minneverdig punktum, sa leiar på Hauge-senteret Geir Netland då han introduserte **Benedicte Maurseth** (hardingfele, song), Berit Opheim (song), Rolf Lislevand (lutt, el-gitar) og Håkon Mørch Stene (vibrafon, perkusjon, elektronikk) som avslutta Ulvik poesifestival med verket Tidekverv. Og ei minneverdig avslutning vart det.

Tidekverv er komponert av Maurseth og Opheim. Lislevand og Mørch Stene har vore med å laga arrangementa. Folkemusikkverket er tileigna dei fire viktigaste datoane for solsnu: vårjamndøger, sommalsolkverv, haustjamndøger og vintersolkverv. Verket vart urframført vårjamndøger i mars 2017, under Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival. Fire av komposisjonane har tekstar som er skrivne av Erlend O. Nødtvedt og Bergsveinn Birgisson. Berit Opheim introduserer stykket med å seia at det er ein hyllest til at sola er med oss. Framføringa i Ulvik var også lanseringskonsert for musikken på plate. Ideen til stykket hadde **Benedicte Maurseth**, når verket vert framført er det tydeleg at dette er noko ho har lagt mykje energi i. Maurseth har ei fantastisk sterk og god utstråling på scenen, og det er tydeleg at Tidekverv er noko ho likar å framføra. Engasjementet smittar, og Tidekverv blir framført med ein god dose sjølvtilitt, med god grunn.

Stemminga i musikken varierer frå optimistisk om våren og leikent om sommaren til langt meir tungsindig når haust vert vinter. Desse stemmingane går også att i tekstane. Med våren kjem ljuset, i sommarmånadene vil me bu lenge, på hausten er det harmoni når ljøs og mørkre einast, medan vinteren får ein til å mista håpet.

I avslutninga av verket, Vinter, ligg instrumentparken til Håkon Mørch Stene som ei naturkraft i botnen av resten av musikken. Det er rett og slett ei mektig oppleving. Arrangøren skal også ha ros for ljossjetjinga i Ulvik kyrkje som skapte ei flott ramme rundt konserten.

- Me må minnast sommaren litt til, sa Berit Opheim før dei fire på scenen, etter ståande applaus, framførte Sommar som ekstranummer. Med det vart punktum sett for Ulvik poesifestival 2018.

Tidekverv Ulvik kyrkje, søndag 9. september

# 5 av 5 smalahove

- TIDEKVERV: **Benedicte Maurseth**, Berit Opheim, Rolf Lislevand og Håkon Mørch Stene avslutta Ulvik poesifestival.

© Hordaland

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

16 | NYNØS ULVIK POESIFESTIVAL  
11. SEPTEMBER 2018

## Verdig avslutning i Ulvik kyrkje

Den siste programposten til Ulvik poesifestival vart ei mektig oppleving.

**Eit løynd høgdepunkt**

**Teik Vinje til nye høgder**

[Vis avisside](#)